

## Framtida for Frivilligsentralen i Masfjorden

### *Innstilling :*

Ein velfungerande frivilligsentral vil vere ein katalysator og eit kontaktpunkt mellom brukarar og ytarar av frivillig innsats, og vere eit naudsynt supplement til det offentlege tenestetilbodet. Verdien av det frivillige arbeidet som ein velfungerande frivilligsentral legg til rette for, både materielt og immaterielt, vil venteleg vere større enn kostnadane ved å drive sentralen.

Arbeidsgruppa har gjennom kontakt med ulike aktørar som på kvar sine vis arbeider med frivilligsentralane, kome fram til fylgjande konklusjon: Ein føresetnad for å få etablert ein velfungerande frivilligsentral er at det vert stilt tilstrekkeleg med ressursar til rådvelde til at arbeidet ein vil ha gjort, let seg gjennomføre. Ressursbehovet omfattar utvida stillingsheimlar, samt lokale og utstyr.

Arbeidsgruppa vurderer at ein stillingsheimel på minimum 100% er naudsynt for å kunne få utført dei oppgåvene som er naudsynte. Det vert vurdert som ein føremon at denne stillingsheimelen vert fordelt på fleire personar, både av omsyn til kontinuitet dersom tilsette skulle få stort fråvere, men også av di det opnar for at arbeidet i Frivilligsentralen vert basert på eit breiare fagleg grunnlag. Det kan difor vere aktuelt å leggje til rette for kombinasjonsstillingar, til dømes med kommunale stillingar.

Ut frå dette meiner arbeidsgruppa at det kan vere føremålstenleg at kommunen og soknerådet innleier samtalar om verksemdsoverdraging av Frivilligsentralen i Masfjorden, og at det vert utarbeidd eit driftsbudsjett for 2022 som gjer det mogleg å få oppgradert Frivilligsentralen til eit driftsnivå som er i samsvar med dei ynskjemål ein måtte ha for arbeidet i Frivilligsentralen.

Uavhengig av kven som står som eigar av Frivilligsentralen i framtida, ser arbeidsgruppa det som naudsynt at sentralen får ei formell forankring i form av oppdaterte vedtekter, samt eit styre og ei generalforsamling som set rammer for det vidare arbeidet, og som dei tilsette har rapporteringsansvar for.

Desse problemstillingane har alt vore tekne opp i arbeidsgruppa som ein del av dei interne drøftingane, og ein ser at det kan vere føremålstenleg at arbeidsgruppa får mandat til å arbeide vidare med dette.